

---

**Fra:** Bente Kopperdal Hervik  
**Sendt:** onsdag 6. november 2019 13:07  
**Til:** 'Elizabeth Warren (Elizabeth.Jan.Warren@hfk.no)'  
**Emne:** VS: Status Reparasjon av tak Nøtlevåg Meieri  
**Vedlegg:** img-191105205852.pdf; img-191105205634.pdf;  
Dugnad\_Taktekking\_2019.xlsx; 20191003\_112611.jpg;  
20191003\_112602.jpg; 20190907\_155015.jpg

Nøtlevåg meieri er godt i gang med arbeidet med å setja i stand taket på meieribygget. Dette arbeidet fekk dei kr 70 000 frå Hordaland fylkeskommune til i 2018 frå ordninga tilskot til verna kulturminne. Arbeidet på meieriet har vorte meir omfattande enn dei først trudde då gamalt undertak var dårlegare enn venta og det også viste seg å vera ein konstruksjonsfeil i taket som måtte rettast. På grunn av dette er arbeidet ikkje ferdig endå, og vil ikkje verta slutført før til våren 2020.

Nøtlevåg meieri har dokumentert kostnader på kr 89 811, og i tillegg lagt ved liste som viser at dei har jobba 421 timar dugnad.

På bakgrunn av dette ber me om at Nøtlevåg meieri få utsetjing på å fullføra prosjektet og levera sluttrapport til 1. juli 2020.

Med venleg helsing  
Bente Kopperdal Hervik  
rådgjevar kultur  
Tlf. 56 34 90 12

**Fra:** Bjarte Vakt skjold [<mailto:bvakt skjold@gmail.com>]  
**Sendt:** tirsdag 5. november 2019 20:38  
**Til:** Bente Kopperdal Hervik  
**Kopi:** Bjørn Tore Vakt skjold  
**Emne:** Status Reparasjon av tak Nøtlevåg Meieri

Hei  
Viser til samtale og oppsummerer kort.

Nøtlevåg Meieri er i god gang med å reparere tak på Meieribygget.

Følgjande er gjort:

- Gamal Skifer er tatt ned og lagt på pallar for å leggjast opp når undertaket er klart
- Gamalt undertak var dårlegare enn forutsatt det er tatt ned
- Takkonstruksjonen hadde ein desingfeil som har ført til at sperr utgjorde sidevegs press på murane. For å retta av, sikkra murar og få ein varig konstruksjon utan å gjera design på nytt har vi jekka opp konstruksjonen og lagt inn ståldragarar til understøtte av eksisterande konstruksjon. Ein del sperr er bytta ut med sperr av samme dimensjon henta frå ein bustad som vart rive i sommar, Bustaden stod på Haukeland, Sør på Radøy.
- Nytt undertak av panel og takpapp er 85% fullført
- Nye rennebod og kister er retta av

Gjenstående arbeid:

- Fullføra undertak
- Leggja lekter

- Leggja tilbake skiferstein og supplera for defekt stein
- Setja opp Listverk og takrenner

Utlegg og arbeid så langt:

Dugnadsarbeid 421 timar

Materiell 80211,-

Tenester 9600,-

Vedlagt er bilete dugnadsliste og utlegg så langt.